

Høyringsinnspeil til Hordaland Fylkeskommune sin «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018 – 2022»

Voss naturvernlag har følgjande innspeil til planen:

Planen peikar på mange viktige problemstillingar, men er samtidig ganske så generell og lite forpliktande.

Sett i eit miljøvernelperspektiv kan ein leggja seg på minne denne setninga frå innleiinga i temaplanen:

«Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneska som lever i dag, utan å leggja kostnadane over på framtidige generasjoner.»

Eit slikt behov er å kunna vera ute i skog og mark som ikkje er prega eller øydelagd av menneskeleg aktivitet. Også landbruket har eit ansvar for at dette skal kunna opplevast av framtidige generasjoner.

Bygging av skogsbilvegar, nyplanting av granskog, flatehogst og skogsmaskiner er med å forringa naturen for dei som kjem etter oss. Så parallelt med at ein arbeider for mindre nedbygging av dyrka mark, er det viktig også å ta vare på naturperler, utferdsområde og landskapstypar. Det er kanskje nettopp desse naturverdiane som er viktigast for reiselivet, og som får folk til å busetja seg i bygda.

Med eit hovudmål i planen om effektivitet og lønsemrd, fylgjer kravet om eit meir industrielt og maskinelt jordbruk. Økologisk eller biodynamisk drift er ikkje nemnt i planen, og er følgjeleg noko ein ikkje ser for seg å stimulera. Ein plan for berekraftig landbruk burde seia noko om kva tankar ein gjer seg om bruk av sprøytemidlar, meir bruk av antibiotika i stordrift, og overskot av gjødsel ved intensiv drift. Dette er ting som påverkar natur og miljø både lokalt og i større perspektiv.

Ved å ikkje stimulera småskala- og deltidsbønder, vil gjengroing og endringar i kulturlandskapet skyta fart og gamle slåtteenger med stort artsmangfald og tradisjonsrik historie forsvinna. Før utvikla landbruket seg i pakt med naturen og skapte unike lokalmiljø gjennom drift og bygningar, stølar og beiting. Ein plan som spesifikt legg opp til mest mogeleg intensiv drift, får følgjer for kvar det blir buande folk i framtida, og mange av dei levande landskapa som turistar og andre i dag set pris på, vil forsvinna.

Landbruk som nyttar seg av importert kraftfor kan knapt kallast berekraftig. Ein plan for berekraftig landbruk bør stimulera til mest mogeleg lokal fôrproduksjon og beite.

Å ha «Industri 4.0» som eit eige avsnitt, med oppramsing av diverse kommersielle aktørar og nettadresser i denne fireårs temaplanen, ser me på som ein skivebom. Å ha tru på teknologi er vel og bra. Men sett på bakgrunn kor lite konkret mange andre tema er handsama i denne planen, så verkar dette avsnittet underleg. T.d er teknologi som går ut på å halda dyr på plass ved hjelp av frykt for usynlege grenser, kontroversielt og lite utgreidd med tanke på dyrevelferd.

Voss, 30.04.2018
For Voss naturvernlag
Inge Draugsvoll